

Sju lag førebels klare til å hoppe i havet!

15.05.2008



Dei er klare for "Hopp i havet" og mange andre innslag 14. juni: Frå venstre i båthamna står Ann Kristin Musland, Oddmund Soldal, Sara H. Arnesen, Randi M. Nybakk, Anita Enæs og Klara Bakke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sju tøffe lag er førebels klare til å "hoppe i havet" under aktivetsdagen 14. juni, melder Anita Enæs i Aktivitetshusets Damevenner. Uskedalens svar på "Ta sjansen" i Holmenkollen teiknar til å bli eit skikkeleg show.

Enno er fleire i tenkjeboxen og det er ingen annan deadline for påmelding enn sjølve arrangementsdagen! Dei som førebels er innmeldte er SPAR, Auto-88, Uskedal Oppvekstsenter, Uskedal Idrettslag, Aktivitetshusets Damevenner, Kristian Landa & Kompis og Oddmund Soldal med mannskap.

Det blir premiering både for den raskaste båten, den mest spesielle båten og den mest optimistiske farkosten. Rampa skal setjast opp ved tretrappa i båthamna. Sjølve farkosten skal vera 1,5 x 1,2 meter og rampa 8 meter lang. Sjå skissa under.




Full fart i Holmenkollen i 2001

Ellers gjev Anita Enæs uskedalen.no eit førebels oversyn over aktivitetane, som nærmast står i kø:

- Det blir sjølvsagt grilling og sal av kaffi og kaker.
- Sal av sukkerspinn var ein suksess i fjor og blir gjenteke i år. Det same gjeld ansiktsmaling.
- Trekkspillklubben ved Nils Nåsen kjem og det blir også freista å få tak i annan musikk.
- Uskedal Idrettslag ved Ivar Gundersen skal ha "Andaløp" i elva, ein artig aktivitet for både store og små. Ein kan kjøpa ei and med nummer og alle endene blir plassert ut samtidig ein stad oppe i elva. Den anda som kjem først i mål (truleg ved brua) vinn. Det kan skaffast 200 ender i plast og salet startar nokre dagar før.
- Det satsast på lån av "Tøffetoget" også dette året.
- Flyoppvisning med radiostyring står på programmet.
- Lykkehjul og lynlotteri er ein fast post.
- Det kjem nokre salsbodar, men kvem det blir er ikkje klart.
- Sumobrytinga var ein stor suksess i fjor og noko er på lur i den gata i år også.....

Programmet er slett ikkje komplett og det kan koma fleire overraskingar.

Av Ola Matti Mathisen



Andre spørsmål ring O.soldal 95131716.

Oddmund Soldal har laga denne skissa framfor "Hopp i havet"- arrangementet. Han kan treffast på 95131716 hvis det er noko uklart.